



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/1677-

20.12.2016

Orientering om fastsetjing av forskrift om mellombelse auka bompengetakstar i Bergen

Samferdselsdepartementet viser til felles brev frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune av 13. april 2016, der departementet blir bedt om å fastsetje ei forskrift med heimel i veglova § 27 andre ledd som gir kommunen og fylkeskommunen myndigheit til å ta i bruk mellombelse auka bompengetakstar i Bergen på dagar med høg luftforureining.

Vegdirektoratet gjennomførte, på vegne av departementet, hausten 2016 ei offentleg høyring av eit forslag forskrift om mellombelse auka bompengetakstar i Bergen. Forskrifta er no ferdig handsama av departementet og blei fastsett av Kongen 16. desember 2016, med ikraftsetjing same dato. Vedlagt ligger kongeleg resolusjon 47/2016-2017 og forskrifta. Den kongelege resolusjonen er å anse som forarbeid til forskrifta. I forskrifta blir Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune gitt myndigheit til å vedta at det skal takast i bruk mellombelse bompengetakstar som er fem gongar så høge som takstane som gjeld ordinært i Bergen på dagar der grenseverdiane etter forurensningsforskriften enten er overskridne eller det er fare for slik overskriding med varigheit på to dagar eller meir. I følgje vedtak frå Hordaland fylkeskommune er myndigheita i forskrifta delegert til byrådet i Bergen. For at forskrifta kan bli tatt i bruk av kommunen frå vinteren 2016/2017, har Vegdirektoratet utført arbeid med tekniske tilpasningar i AutoPASS. Vegdirektoratet har orientert at arbeidet med dei tekniske tilpasningene er ferdig, og dette betyr at systemet for å ta i bruk dei mellombelse auka takstane etter forskrifta no er klart.

Uttalene frå den offentlege høyringa er nærare omtalt i den kongelege resolusjonen pkt. 3, og departementet har gitt sine vurderingar til uttalene i pkt. 4. Mange av uttalene til forskrifta har vore positive. Dei som er mest kritiske til ordninga i Bergen er tre av kommunen sine nabokommunar og organisasjonane for handel, næring og transportbransjen. Departementet

legg til grunn at uttaler som er retta mot den praktiske tilrettelegginga blir vurdert og handtert vidare av Bergen kommune og eventuelt fylkeskommunen.

I den offentlege høyringa tok alle organisasjonane for handel, næring og transportbransjen opp at det bør vere fritak frå takstane etter forskrifta for vare- og nyttetransporten. Uttalene byggjer på vedtaka frå kommunen og fylkeskommunen frå mars 2016, der det blei sagt at slike fritak skal bli vurdert i det vidare arbeidet med forskrifta. Spørsmålet er vurdert nærare av departementet i den kongelege resolusjonen pkt. 4. Som det går fram av vurderinga her, ser departementet det ikkje som naudsynt at fritaka frå takstane går fram av sjølve forskrifta, jf. sjå òg formuleringa i forskrifta § 3 andre ledd. Eventuelle spesielle fritak frå takstane etter forskrifta kan bli fastsett i retningsliner om takstgrupper og fritak som er gitt av Vegdirektoratet.

Som det går fram av omtalen i den kongelege resolusjonen side 9, 3. avsnitt, er takstsystemet innretta etter køyretøya sin art, med eit skilje ut frå vekt og, i framtida, etter miljøeigenskapar. I dette systemet er det *ikkje teknisk mogleg* med eit automatisk skilje mellom køyretøy nytta i næringsverksemd eller køyretøy nytta til privattransport. Eit mogleg fritak frå takstane etter forskrifta kan etter dette vere for køyretøy over 3500 kg, ettersom dette er køyretøy som stort sett blir brukt i næringsverksemd. Dersom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune finn at det bør fastsetjast eit fritak for tunge køyretøy allereie frå vintersesongen 2016 og 2017, vil departementet ikkje motsetje seg dette.

Vi ber om at kommunen og fylkeskommunen melder tilbake dersom departementet skal gi Vegdirektoratet instruks om å leggje inn fritak for køyretøy over 3500 kg i retningslinene og i det tekniske systemet.

Med helsing

Ingun Hagesveen (e.f.)
avdelingsdirektør

Bente Mari Nilssen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Vedlegg:
Kongeleg resolusjon 47/2016-2017.
Forskrift om mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.

Kopi med vedlegg til:
Vegdirektoratet

Adressliste

Bergen kommune

Hordaland fylkeskommune